

## Plan for rehabilitering av skiløypa på Bjødnabu

Skiløypa på Bjødnabu treng oppgradering. Frå skiløypa blei etablert har det skjedd endringar i grunnen, og på grunn av mykje myrjord og vatn i traséen er det behov for å gjera tiltak. Utan at det blir gjort tiltak vil ein måtta ha meir snø før ein kan køyre løypemaskina. For at me skal kunna nytta snøen på Bjødnabu når den er der, er det viktig å legge til rette for løypekøyring utan at ein må ha store mengder snø.

Det er også behov for å bytte ut ein del lyspærer, og det vil då vera fornuftig og bytte alle lyspærene til ledlys. Styret, med hovudansvar hjå leiar av skigruppa, har innhenta prisar på oppgradering av løypa og skifte av lys. Me har vidare bidratt til at Hjelmeland kommune har søkt om spelemidlar til tiltaket.

Årsmøtet har i 2022 gjort vedtak om å gi styret fullmakt til å starte arbeidet med eit nytt bygg som erstatning for skihytta som står der i dag. Styret har etter dette vedtaket komme til at ein bør prioritera løypa først. Dette fordi hytta først og fremst har ein verdi for idrettslaget i samband ski-arrangement – treningar eller konkurranse. Me bør difor prioritera å leggja til rette for å gå på ski først, deretter jobba vidare med planane for ny hytte.

### Kostnadsoverslag:

Oppgradering av løypetraséen er kr. 2 000 000

Skifte til led-lys: kr. 400 000 eks, mva

Sum: kr. 2 400 000

### Finansiering:

Spelemidlar: kr 800 000

Hjelmeland kommune: kr 800 000

Hjelmeland idrettslag: kr. 800 000 ( dekkast i størst mogleg grad av sponsormidlar, tilskot og dugnad)

Styret ber årsmøtet om fullmakt til å arbeide vidare for å få gjennomført oppgradering av skiløypa på Bjødnabu med legging av duk, oppgrusing av løypetrasé og skifte til led-lys.

### Forslag til vedtak:

Styret får fullmakt til å arbeide vidare med å få gjennomført ei oppgradering av skiløypa på Bjødnabu, i samsvar med ovanforståande finansieringsplan.